

Arkivnr: 2019/11402-2

Saksbehandlar: Eirik Knive

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		18.06.2019
Fylkesutvalet		20.06.2019

Søknad om tilskot til kjøp av ny arbeidsbåt til Friluftsrådet Vest**Samandrag**

Friluftsrådet Vest søker i brev av 8.mars 2019 om kr 400.000 i tilskot til kjøp av ny arbeidsbåt til innsatsen mot marin forsøpling.

Friluftsrådet Vest har behov for å investere i ein mindre arbeidsbåt som verktøy i innsatsen mot marin forsøpling. Ein ny arbeidsbåt skal og styrke forvaltninga av friluftsområda og driftsoppgåvene innan Vestkystparken. Friluftsrådet Vest har innhenta tilbod på ein Arronet 27 Work som er hensiktsmessig ved oppdrag med innhenting og frakt av marint avfall. Samla kostnad for ein slik ny arbeidsbåt er kr 1.600 000.

Økonomi: Løyving frå fylkesutvalet sin rådveldekonto over budsjettpost 10.720.200.00.14900

Klima: Tiltaka vil bidra til å betre handtering maritimt avfall.

Folkehelse: Tiltaka er i hovudsak knytt til auka maritim avfallshandtering.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga bidreg til å realisere mål 2.2 *eit inkluderande samfunn* ved strategi, 2: *Å styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljøet*. Aktivitetar i nærmiljøet bidreg til å styrke sosiale relasjonar gjennom verdifulle og helsefremjande opplevingar.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 400.000 i tilskot til Friluftsrådet Vest til innkjøp av arbeidsbåt til innsatsen mot marin forsøpling og auka forvaltning av friluftsområda i Vestkystparken.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.400.450.07.14700 Friluftsrådet Vest aukar med kr 400.000

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 400.000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.05.2019

Friluftsrådet Vest er eit interkommunalt friluftsråd med 12 medlemskommunar i Nord-Rogaland og Sunnhordland. Arbeidsoppgåvene til friluftsrådet omfattar sikring av nye areal til friluftslivsbruk, tilrettelegging av friluftslivsområder, forvaltning og drift av 112 friluftslivsområder, i tillegg til informasjon og rådgiving i friluftsliv.

Ein del av forvaltninga av friluftslivsområda inngår i den nasjonale skjærgardstjenesta, som Friluftsrådet Vest er ein del av. Med den moderne arbeidsbåt deira, M/S «Astrid», og nokre mindre båtar, driftar Friluftsrådet Vest om lag 50 båtutfartsområder i deira del av Vestkystparken.

Skjærgardstjenesta har i dei siste åra fått meir og meir ansvar i høve til marin forsøpling og er i dag eit viktig reiskap i opprydding av strandsona og i kampen mot plast og anna herrelaust gods som forureinar langs kyst, strand og fjord. Friluftsrådet har engasjert seg i innsatsen mot marin forsøpling med båtar og personell i deira region i samarbeid med kommunar, Vestkystparken, Hold Norge rent, Ragn-Sells A/S, Vestlandsrådet, lag og foreiningar og mange frivillige.

Fleire stadar langs strandsona med grunnare farvatn er det nødvendig å nytte ein mindre båt for å hente mange depo med marint avfall. På bakgrunn av dette har friluftsrådet henta inn eit tilbod på ein Arronet 27 Work med nedsenkbar baug/lem til kr 1.600.000. Den er svært solid og har god drivstofføkonomi og kapasitet spesifikt for desse oppdraga. Dette er ein svensk type arbeidsbåt av høg kvalitet med stor lasteemne.

Finansieringa av båten vart gjort ved at Friluftsrådet Vest bidreg med totalt kr 800.000 gjennom egne midlar/salsverdi ved innbyte av arbeidsbåten «Frida» som er ein Targa 25 fot. «Frida» er ikkje formålstenleg til innsatsen mot marin forsøpling og andre oppgåver innan Vestkystparken. Samstundes søker Friluftsrådet Vest Rogaland og Hordaland fylkeskommune om kr 400.000 kvar til finansiering.